

**PROTOKOLL**  
**INSTITUTTSTYREMØTE 11.08.2010**

Møtestad: Styrerommet, 5. etg, Christiesgt. 13

Møtetidspunkt: kl. 09.00-11.00

Tilstades: Rune Krumsvik, Kariane Westrheim, Steinar Bøyum, Marit Ulvik, Rune Herheim,  
Øystein Steine Larsen, Ingvild Haugen

Forfall: Arild Raaheim

**I**

Godkjenning av innkalling og saksliste.

Innkalling og sakliste vart godkjent.

**II**

Protokoll frå instituttrådsmøte 31.05.2010

Protokollen vart godkjent.

**III**

Fullmaktsaker

Ingen fullmaktssaker.

**IV**

Orienteringssaker.

Instituttleiar Rune Krumsvik orienterte om følgjande saker:

- Status for etablering av forskingsgrupper og fordeling av forskingsmidlar til forskingsgruppene
- Nettsider for Institutt for Pedagogikk - status
- Kontorflytting - status og framdrift
- Kick-off for instituttet - tidspunkt, innhald og stad.
- Innføring av midtvegsevaluering av stipendiatar ved det Psykologiske Fakultet
- Velferdstiltak for det nye instituttet
- Instituttlunsj - tidspunkt
- Utlysing av professorat i lærarutdanninga - status
- Møte med UiB-stipendiatar på vårt institutt
- Møteplass for programstyrarar, forskingsgruppeleiarar og instituttleiinga
- Eksterne prosjekt og instituttet/programma sin kapasitet
- Planlegging av forskingstermin for fast tilsette ved instituttet
- Forskningsseminar hausten 2010 ved instituttet
- Nytilsette - oppfølging

**V**

**NYE SAKER I DETTE MØTET**

**12/2010 Innspel til Egedomsavdelinga sitt budsjettforslag for 2011**

Instituttet er av fakultetet blitt bedt om å gi budsjettinnspel til Egedomsavdelinga i høve ekstraordinære behov.

**Vedtak:**

Ekstraordinære behov må sjåast i samband med eventuelle større endringar av areal på bygget og kan ikkje spelast inn på noverande tidspunkt.

## **13/2010 Budsjettforslag 2011 – invitasjon til budsjettinnspel frå institutta**

Instituttet vart av fakultetet bedt om å gi budsjettinnspel i høve budsjettet til Det Psykologiske fakultet for 2011. Instituttrådet var sams om å ha med følgjande prioriterte punkt i budsjettinnspelet:

For lærarutdanninga bør det ved fakultetet avsetjast meir midlar til psykologididaktikar, slik at dette er meir i tråd med dimensjoneringa av fagdidaktikken på andre fakultet ved UiB.

Fakultetet får øyremerka midlar til dette frå UiB sentralt og difor må desse nyttast slik at den som er tilsett får vilkår som andre fagdidaktikarar ved UiB.

I og med at måltala for opptak av studentar ved lærarutdanninga ved UiB ikkje er oppnådd siste år, er det ønskeleg å tilsetje to professor II i pedagogikk i staden for på noverande tidspunkt å gå til utlysing av den siste førsteamamuensstillinga i pedagogikk som ligg inne i UiBs utrullingsplan for lærarutdanninga (basert på dei 40 ekstra studieplassane til PPU som kom i 2009). Dette kan vere ein god strategi både i høve til fagmiljøet sine behov (det er ingen professor II-stillingar i dag tilsett), samt i påvente av at måltalet for PPU blir oppnådd.

Universitetspedagogikken fekk for 2010 ikkje vidareført øyremerka midlar til ei administrativ stilling, noko som set programmet i ein vanskeleg situasjon. Frå 2009 til 2010 vart tilskotet her redusert frå ei 50% administrativ stilling til ingen tilskot. Den faglege bemanninga er frå før av på eit minimum. Universitetspedagogikken har også behov for øyremerka driftsmidlar til avvikling av sjølvseminara.

IKT-masterprogrammet i pedagogikk har også behov driftsmidlar for å dekke studentsamlingar, og dette må inn i fakultetets budsjett på linje med dei andre studiane fakultetet tilbyr.

### **Vedtak:**

Instituttleiar og administrasjonssjef sluttfører budsjettinnspelet ut frå prioriteringar og punkt som ein blir samde om å prioritere under instituttrådsmøtet.

## **14/2010 Løyving til fagseminar for markering av avgang professor**

Professor Olga Dysthe fyller 70 år hausten 2010. I samband med hennar avgang blir det 29. oktober arrangert eit fagseminar med inviterte gjestar. Instituttet vart av arrangementskomiteen bedt om å bidra med midlar til å avvikle arrangementet.

### **Vedtak:**

Institutt for pedagogikk går inn for å bidra med ei ramme på 56 000 kroner til dette arrangementet, under føresetnad av at arrangementskomiteen legg fram budsjett og at seminaret held fagleg god standard.

## **15/2010 Eventuelt**

Ingen saker

Referent: Øystein Steine Larsen